



Boligsenteret Bergen AS  
Ervikveien 70 B  
5106 ØVRE ERVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/21 - 17/1830

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
19.01.2017

## Førerels svar - Trong for tilleggsinformasjon gbnr 137/797 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.01.17.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det går ikkje fram av innsendt situasjonsplan at krava til byggegrense er stetta for tiltaka det er sökt om. Byggegrense for bustad ser ut til å være ivareteke, men byggegrensa burde vore innteikna på innsendt situasjonsplan. Når det gjeld muren ser det ikkje ut til av krav til byggegrense er ivareteke, men dette ville gått klarare fram dersom det vart sendt inn situasjonsplan med reguleringsplankart som underlag. Ifølge reguleringsføreregner kan murar oppførast inntil 1,0 meter frå ytterkant av f\_AVT1-f\_AVT10 (ytterkant av annan veggrunn –tekniske anlegg). Av innsendt situasjonsplan og terrengrprofil ser det ut til at mur er plassert heilt inntil denne grensa. Det må sendast inn revidert situasjonsplan som syner at tiltaket er plassert innanfor føresegner om byggegrense eller sökast om dispensasjon for oppføring av mur.
- 2.
3. Det er sendt inn fleire situasjonsplanar som viser ulike forhold i forhold til avkjørsle. Iht. reguleringsføreregner pkt. 1.2.2 skal avkjørsle opparbeidast slik: Det tillatast 1 avkjørsle pr. eidegom med maksimal bredde på 5 m. Plassering av avkjørsle skal takast stilling til ved søknad om byggeløyve og visast med siktlinjer 3 x 20 m, samt svingradius minimum 3,0 meter. Det skal leggast dreneringsrør under kvar avkjørsle. Det må sendast inn revidert situasjonsplan som syner korleis avkjørsle skal etablerast og at bestemmelsane i føresegne er ivareteke.
3. Det går ikkje fram at krav til parkering er stetta. I følgje reguleringsføreregner er det krav om at det skal vera snuplass for bilar inne på kvar tomt. Det må òg visast at krav om 2 parkeringsplassar er ivareteke.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.03.17 Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

## Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Kopi til:

Trond Erik Monsen Lonsvegen 7 5914 ISDALSTØ

## Mottakarar:

Boligsenteret Bergen AS                      Ervikveien 70 B              5106                      ØVRE ERVIK